

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om budsjettendring innanfor løyvingsnivå FTU-midlar. Mindreforbruket i tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar - totalt kr. 369.300 - vert lagt til ramma for kommunale trafikktryggingsplanar.

2. Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar 2020 vert fordelt som følgjer:

Kommune	Tildeling (kr)
Aurland	150 000
Austrheim	100 000
Bjørnafjorden	150 000
Bremanger	100 000
Fitjar	150 000
Kinn	108 150
Luster	37 500
Masfjorden	150 000
Stad	150 000
Stord	83 650
Stryn	40 000
Sunnfjord	150 000
SUM	1 369 300

3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil oppmoda kommunane om å sjå til kriteria for godkjenningsordninga Trafikksikker kommune, og vurderer desse opp mot eige trafikktryggingsarbeid.

4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil vidare påpeika viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.